



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	31.01.2024	15/24

Søknad om tillatelse til motorferdsel i Setesdal Ryfylke 2024-2027

Vedlegg

- 1 Søknad om tillatelse til motorferdsel i Setesdal Ryfylke 2024-2027
- 2 Søknad - Motorferdsel på Setesdal Ryfylke 2024-2027.pdf

Dokument i saka

- LOV 1977-06-10- nr 82: Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, Vinje kommunestyre 15.12.16
- Naturmangfoldslovas §§ 8 – 12

Bakgrunn

Norsk institutt for naturforskning (NINA) søker om dispensasjon for bruk av snøskuter og helikopter til motorferdsel i utmark i samband med *forsknings- og overvåkingsprosjektene "Kartlegging av områdebruk hos hjortevilt som ledd i håndtering av skrantesjuka" og "Gevirngning hos villrein: utbredelse og mulige årsakssammenhenger"*, i perioden 2024-2027.

Søknaden gjelder samlet for Setesdal Ryfylke, både innenfor og utenfor verneområdene. Aktiviteten innenfor områder som forvaltes av hver kommune og tilsynsutvalg vil derfor bli lavere enn angitt i tabell 1.

Tabell 1. Oversikt over omsøkt motorferdsel. Nærmere forklaring gis under.

Del av prosjektet	Kjøretøy	Aktuell tidsperiode	Mengde
GPS-merking av villrein og elg	Helikopter	Årlig: 1. januar-31.mars. For villreinbukk frem til 15. april	Inntil to landinger per merking (+ mer ved bomskudd av bedøvelsespil)
Oppfølging av GPS-merkede dyr	Snøskuter	Årlig: 1.desember- 20.april	1-2 scootere inntil 3-5 ganger i løpet av vintersesongen. Brukes bare ved behov.

Vurdering

Forsking, kartlegging og overvaking av reinsdyr og beiteområde på ser kommunen på som viktig. GPS-merking med bruk av helikopter er ein effektiv og sikker måte.

Det er lagt opp til oppfølging med skuter på vinteren for «oppfølging» av merka dyr då det kan oppstå ising på radiosendaren, noko dei skriv ikkje har vore problem. For å overvake nokre merka dyr blir snøskuter brukt og heile flokken blir påverka av denne motorferdselen. I søknaden står det at ein kan fjernutløyse halsband med «drop off»-funksjon.

Prosjektet skal mellom anna innhente kunnskap om arealbruk og vandring frå Setesdal til Hardangervidda, og risiko for smitte av skrantesjuka.

Det er ulike prosjekt og bruk av motorferdsel på vidda som er fornuftige og bra. Dei løyva som vert gjeve er normalt når det ikkje er dyr i tidsrommet for ferdselen, mens denne søknaden er bruk av motorisert ferdsel tett på dyra, naturleg nok, men desto viktigare å sjå på andre måtar å innhente kunnskap på.

Reinsdyr og naturen generelt ser ikkje forskjell på motorferdsel innan jakt, nytte, oppsyn eller forsking, og kommunen har ikkje noko oversikt over kor tolegrensa er, eller kor nytten er større enn ulemperne for natur og dyr.

Det er ikkje lett å få oversikt over kor store ulemper denne motorferdsela har på dyr og natur.

Rådmannens framlegg til vedtak

Vinje kommune gjev med dette Norsk institutt for naturforsking (NINA), med heimel i § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, dispensasjon til å bruke snøskuter og helikopter i Setesdal Ryfylke i samband med *forsknings- og overvåkingsprosjektene "Kartlegging av områdebruk hos hjortevilt som ledd i håndtering av skrantesjuka" og "Gevirngating hos villrein: utbredelse og mulige årsakssammenhenger"*.

Vilkår for løyvet:

- All flyging skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv, og redusera til eit minimum.
- Løyvet skal vera med transporten og visast fram ved kontroll
- Løyve gjeld frå 2024 tom 2027.
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.
- Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe godkjenning frå grunneigar.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 15/2024 i møtet den 31.01.2024

Røysting

Framlegg frå Ane Killingtveit (Sp):

Tillegg:

Vilkår for løyvet:

- NINA får inntil 3 turar med skuter i løpet av vintersesongen

Det er viktig at alle tek eit ansvar for å redusere motorisert ferdsel i utmark.

Rådmannens framlegg med tilleggsframlegg frå Killingtveit blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Vinje kommune gjev med dette Norsk institutt for naturforskning (NINA), med heimel i § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, dispensasjon til å bruke snøskuter og helikopter i Setesdal Ryfylke i samband med forsknings- og overvåkingsprosjektene "Kartlegging av områdebruk hos hjortevilt som ledd i håndtering av skrantesjuka" og "Gevirngating hos villrein: utbredelse og mulige årsakssammenhenger" .

Vilkår for løyvet:

- NINA får inntil 3 turar med skuter i løpet av vintersesongen
- All flyging skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv, og redusera til eit minimum.
- Løyvet skal vera med transporten og visast fram ved kontroll
- Løyve gjeld frå 2024 tom 2027.
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.
- Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe godkjenning frå grunneigar.

Det er viktig at alle tek eit ansvar for å redusere motorisert ferdsel i utmark.

Saksframlegg er godkjent av , .